

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2

Fylke: H o r d a l a n d.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: J o n d a l

Emne: Transport av høy

Bygdelag: J o n d a l

Oppskr. av: lærar Sandven

Gard: Underhaug

(adresse): J o n d a l

G.nr. 30 Br.nr. 26


A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. ogB. ~~Eller om xxxxx~~ etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
bønder frå Jondal krins, frå 70 ar og nedover.

SVAR

Frå utgamal tid har utslåttor vore nytta her i bygdi og heradet, både på større og mindre gardar, og då serleg på husmannsbruk. Sidan 1900 talet har det likevel stadig gått attende, så mange slåttor, serleg dei vandaste, er nedlagde. Etterkvart husmannsbruki vart lagde inn under gardane, vart og mange slåttor nedlagde.

Både menn, kvinner og born var med i dette arbeidet. Frå utslåttone vart høyet transportera mykje godt likt anten ein hadde hest eller ikkje. På dei fleste slåttor var det høylør og hesjar rundt løa eller i nærleiken. Høyet vart då turka der og lagd i løa for seinare transport på vinterføre. Var det farande med hest, tok ein til å køyra så snart føret var til det, og den eine venta ikkje på den andre, men gjekk når stundene var til det. Einast kunne vera når ein skullebrøyta. Då kunne fleire gå ilag. Høyet vart då lagt i store børor som vart knepte med to tog, både etter lengdi og tvers over. Tre store børor var vanleg lass, og ein rekna at det skulle vera nok til ein sau om vinteren, når ein bruka lauv og lyng attåt. Køyrereidskapen var langslede, skodd og uskodd, med høge bøyningar framme på havet. Ikkje noko slag grindarverk vart bruka. Over lasset vart snøra eit enkelt sterkt hampetog (joringatog) festa til eit håvold gjort av sterke tjukke bjørke- eller brakekrokar med eit tverrband av tre eller jarn.



2
Dei vanlege boretogi var tunnare og vart alltid bruka duble på eit mindre håvold av ask eller brake. - 
Desse boretogi var i eldre tid heimegjorde og slegne bast.vistnok av alm (lind?) Seinare vart bruka hampetog, og no grastog.

Dei som ikkje hadde hest, og hadde mindre høyr å dra heim, bruka kjelke. Ein slik kjelke hadde svært breie meiar av ask. Overstellet var laga så at kinningane var tap-
pa ned i rome hol i meiane og likeeins oppe i rama. I meiane og likeeins i langtralone på sidone var jarnlyk-
kjer og i desse var vidjer eller streng, så kjelken kunne vera ledig og smøya seg etter veg og lende. Dragareto-
get var festa til sterke vidjer eller tog mellom meia-
havi. Frå midten av desse vidjerne eller toget gjekk ei vidje eller tog til fremste tverrfjøli på kjelken.

Trong ein bera kjelken oppover bakken, kunne ein leggja han mest saman etter lengdi, så han ikkje ruvde så svært.

På stader der ein ikkje hadde løor, og liten høve til turk, tok ein høyet heim på bøen eller nedover til høve-
leg turkeplass, i "rodda". Desse "roddena" var bundne av bastetog og seinare av hampetog, omlag 2 sm. i tverrmål. og mauskane kunne vera ein 6 tom. tvertover. Når dei var istappa, såg dei ut som store ballar, oml. 1,5 m i tverr-
mål. Ho måtte vera godt istappa og trødd, di meir di betre. Så vart opningen snørd saman, og "roddå" var klar. Dei hadde alltid visse låm til dei. Før ein slepte dei til, måtte ein varsla, og då ljoma varselropi lang veg. Den som kunne skrika høgast, var beste karen. Ofte kunne "roddena" ta ut av låmi og setja seg fast mellom tre og steinar. Då vart detv eit sveittetak å få dei lause att. Når dei så endeleg var nedkomne, såg dei lufsne ut, flat-
klemde, opphakka og ofte sundslitne.

53
For 60-70 år sidan tok dei til med løypestrenger alle stader her i bygdi, og strengene bruka dei til tran-

sport av høy, lauv og ved frå høgste slätte-og skogsmar-
ki til dalbotnen. Frå fyrs av bruka ein trekluffer til
strengkrokar. Gjekk det då herke, batt ein gjerne ein våt
mosedott framføre kluffti for å veta strengen og gjera
han glattare. Seinare gjekk ein over til trinsekrokar.



Nede i dalbotnen var strengen festa til eit spel som ein
kunne slakka og strekkja han med. Desse strengens kunne
ikkje flyttast, men vart ofte hala ned fleire stader i
nedetter slätten, så en kunne hengja på bører, og såleis
sleppa bera bori sers langt. Sume stader bruka dei før
ei lang sterk hampeline i staden for streng. Denne kunne
dei kveila opp og flytta frå stad til stad, men ho vart
helst bruka på kortare strekkingar og vart strekt med
ein liten talje i nedste enden.


Når ein bar høyet til turkeplass eller inn i løa, bruka
ein alltid boretog. Ein laga bora så at håvoldet kom
langt bak. Kom det for høgt opp eller fram til halsen,
fekk ein "kjeringahals" d.v.s. bora vart ikkje god å bera,
for ho kunne ikkje kneppast, og seig difor for langt ned
på ryggen. Ein laga bora til på lagleg stad der ein kun-
ne koma godt til å fara for d.v.s. smetta armane inn un-
der togpartane og kneppa godt til. Var ein ikkje god for
å reisa seg med bori, stod ein bakanfor og letta etter.
Toget tok ein alltid over aksli.


På bratte stader bruka ein sloe for å få turrhøyet
heim. Dette arbeidet tok ein ofte i romhelgi, og mange
stader vart sloingi drive som dugnadaarbeid. Om hausten
hogg dei buskor til sloane og reiste dei opp ved utløa.

I kvar sloe var oftast 2 buskor. Greinene vart kvista av
på den sida som skulle liggja ned mot marki, men på den
sida som snudde opp, var greinene på. Det måtte vera vane
folk som la på sloen, og likeeins dei som saksa. Sloelas-
si var store, oftast eit smalefoster. Dei var gjurde godt.

4
Endane av sloegreinene var dregne opp framme, så dei verka som meiar. Noko skilnad på fyrste og siste lasset var det ikkje, og sloelasset var høgst framme. Fyrste gongen var det ofte tungt å koma fram, men når det var brøytt ein gong, gjekk alt som ein dans. Kom ein ikkje heim til løa med ein gong, grunna flatare lende. velte ein heile sloa opp på meiesleden og kørde henne heim.

På heimebøen var og både vaksne og born med i transporten av høyet. Hadde ein hest, bruka ein før i tidi å saksa høyet på hjulslede. Han var omlag 3m lang og 1,5 m brei med kassar over hjuli. Han vart og kalla lang- eller høyslede og kunne berre brukast på hjul. Tilnone var bøygde opp framme og bak, så han vart noko lågare i midten. Etter at lasset var saksa godt og nedkna, vart det knept, anten med eit stort gjuringtog, eller og med høytong (2 seige lister med sterke tverrstykke i endane). Seinare vart det sett lange grindar på høysleden, anten berre framme og bak, eller og rundt heile sleden. No for tidi brukar alle som har hest, kjessor: 1 stålstong i kvart hyrne av sleden, og oppe vinkeljarn med hol  til å hekta langlektone og breiddelektoni . På utkantane av sleden er det små lykkjor, og mellom spilane og lykkjone bind ein maskor av tunt grastau, nett som ei not. Maskone kan vera 8 tom. i tverrmål. Under av ~~lessingi~~ lessingi hektar ein spilane or. Lasset godt, så ein får mykje med seg.

På mindre gardar der ein ikkje har hest, vert høyet bore inn i børor. Dei er avpassa etter alder og styrke hjå beraren, anten det no er mann, kvinna eller born. Stundom brukar ein "båretre". 2 langåsar med flate bord mellom: . Sume stader der det høver, brukar ein "tridlebåra" med stor bøyg på tilnone over hjulet:

 eller 